



ULSTEIN KOMMUNE



PLANPROGRAM

OMRÅDEREGULERING ULSTEINVIK SENTRUM

PlanID 20210001

Fastsett i teknisk utval 01.07.2021. Sak 87/21

Forord

I samband med varsel om igangsetting av planarbeid vart det lagt ut eit planprogram ope for innspel til korleis og kva planprosessen skal omhandle. Planprogrammet skal skildre føresetnader, mål og bakgrunn for planarbeidet. Programmet skal også skissere ei estimert framdrift, korleis innbyggjarar, mynde og andre interesser kan påverke og kva tema som skal handsamast i prosessen. Forslaget til planprogram skal ligge ute til høyring i seks veker frå kunngjeringsdato. Innkomne merknader vert handsama og vurdert. Endeleg planprogram skal fastsettast av teknisk utval seinast 10 veker etter at høyringsfristen er ute. Fastsett planprogram vil vere plan for gjennomføring av planprosessen for områdeplan Ulsteinvik sentrum.

Planprogrammet låg ute til høyring i tidsrommet 15.04 - 09.06.2021. Konkrete innspel til planprogrammet er innarbeida. Andre merknader og innspel som vedgår innhald i planen vert handsama i planprosessen ved utarbeiding av framlegg til plan.

Innhald

1. MÅL OG RAMMER	5
1.1 Bakgrunn for planarbeidet	5
1.2 Mål og føresetnader	7
1.3 Planområdet	9
2. OVERORDNA FØRINGAR.....	11
2.1 Lovgrunnlag, nasjonale og regionale føringar	11
2.2. Kommunale planar	13
2.3. Reguleringsplanar.....	14
2. ALTERNATIV	14
2.1 0-alternativet.....	14
2.2 1-Alternativet basert på resultat av paralleloppdrag.....	14
3. UTGREIINGSTEMA	15
3.1 Tema	15
3.2 Handsaming av alternativ.....	16
3.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse	16
4. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	17
4.1 Prosess og fristar	17
4.2 Medverknad	18
4.3 Merknadar og høyringsfrist.....	18

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

I *Kommunal planstrategi 2016-2020* er det beskrevet at områdeplan for Ulsteinvik sentrum skulle startast opp i 2017. *Ulsteinvik sentrum har ei god blanding av eldre og nyare planar. Det er ønskeleg å utarbeide ein områdeplan som styrer forholda kring t.d. næringsutvikling, bustadar, utnytting og høgder.*

I kommunal planstrategi 2019-2023 er områdeplane for Ulsteinvik sentrum lagt inn med oppstart i 2020 som eit tiltak for å møte utfordringar knytt til behov for meir tilrettelagte bustader, skjerpa krav til miljø, klima og berekraftig arealbruk. *Sentrumsplanen og parallelloppdraget vil såleis vera avgjerande for korleis Ulsteinvik utviklar seg, samstundes som den vil setja klare rammer for framtida. Det er forventat at ei auke i mangfaldet av husvære i kommunen, noko som kan påverke noverande arealbruk og bidra til eit skifte frå einbustad til leilegheit. Eit tettare sentrum vil også føre til at færre har behov for bil, ettersom dei viktigaste fasilitetane ligg i gå-avstand til eigen bustad. Samtidig må kommunen aktivt fremje tiltak for gåande, syklende og kollektivreisande slik at enda fleire let bilen stå.*

I *Samfunnsdelen av kommuneplanen 2017-2029* er det som strategi under kap. 4 Næringsutvikling lagt inn at det skal lagast ein områdeplan for vidare utvikling av sentrum. Som beskrivande tekst er det sagt: *Det skal utarbeidast ein områdeplan for Ulsteinvik sentrum og etablerast tydelege avklaringar i kommuneplanen sin arealdel om i kva område ulike typar næringsverksemd kan etablerast. I handelsanalysen for Møre og Romsdal fylke er det lagt til grunn ein folkevekst på 2400 personar i Ulstein fram til 2030, og det er vist eit behov for auka areal til daglegvarer på 8000 m², utvalsvarer på 7000 m² og plasskrevjande på 4000 m² basert på dagens tilbod og konkurranseforhold.*

I kap. 12 Strategiar som legg føringar for arealplanen er det sagt:

- Lage ein områdeplan for sentrum med fokus på fortetting, struktur, parkering, møteplassar og rekreasjon.

Kommuneplanens arealdel 2019-2031:

Det er lagt inn i føresegnene:

§ 5.2.2 Utarbeiding av områdeplan i sentrum - For å vidareutvikle og styrke sentrumskjerna i Ulsteinvik skal det utarbeidast ein områdeplan. Utstrekning er lagt inn i plankartet med KpArealformål 1130 sentrumsformål.

I § 4.3.1 Under parkering er det sagt at krava til parkering gjeld for heile kommunen inntil det er vedteke eigne parkeringsføresegner som skal gjelde innafor sentrumskjerna, jf. temakart T1. Desse skal utarbeidast som ein del av planprosessen med ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

Under § 7.3.1 Uteopphaldsareal for bustadar står det at krava til uteareal gjeld for heile kommunen inntil det er vedteke eigne føresegnar som skal gjelde innafor sentrumskjerna, jf. temakart T1. Desse skal utarbeidast som ein del av planprosessen med ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

I planomtalen står det:

Kommuneplanen stiller krav om områdeplan for Ulsteinvik sentrum. Planen skal legge til rette for attraktive sosiale møtestadar og gode og differensierte uterom som innbyr til både stillheit og ro, leik, aktivitet og opphald for alle aldersgrupper.

I arbeidet med sentrumsplanen er det også viktig å utarbeide gode trafikkale strategiar som legg til rette for eit godt kollektivtilbod, gode gang- og sykkelsamband og føremålstelege og lesbare parkerings- og køyremønster. Som beskrive under punktet 4.3.2.3 om kommunale vegar, er det eit mål å legge til rette for eit samanhengande nett av gang- og sykkelvegar i kommunen. I sentrum manglar det i dag ein samanhengande trasé som sikrar god flyt, og det er skissert ein mogleg trase gjennom Saunesvegen – Bjørndalvegen – Kyrkjegata – Osbergvegen. Ei slik løysing føreset at ein i arbeidet med områdeplanen for sentrum gjer konkrete vurdering av parkering- og fortausløyisinga i Bjørndalvegen, og om gata skal vere einvegskøyrd m.m.

Byliv og gode bukviljetar i sentrum føreset gode løysingar på parkering og trafikk. Eit sentralt tema i arbeidet med områdeplanen vil derfor vere å finne gode trafikk- og parkeringsløysingar som ivaretek omsynet til dei mjuke trafikantane og dei som bur i sentrum.

Det skal ikkje etablerast industri eller verksemdar som forureinar eller lagar støy i sentrum.

Arbeid med fortetting i sentrum vil krevje nye former for samarbeid med ulike aktørar frå huseigarar til investorar. Arbeidet med ein sentrumsplan vil være eit viktig verktøy for å få i gong desse prosessane. Visjonsdokumentet Ulsteinvik 2046 Strategiar og tiltak for sentrumsutvikling er eit grunnlag for dette arbeidet.

I arbeidet med sentrumsplan må fortetting være eit hovudgrep. Planen må sikre areal for offentlege rom og eit aktivt gateliv. Den må fremje handel, kultur, næring og bustadbygging. Det må leggest til rette for å skape og utvikle opne tverrfaglege møteplassar og nettverk. Det må utviklast ei parkeringsløysing som sikrar effektiv utnytting av viktige sentrumsareal til korttidsparkering. Langtidsparkering må visast til mindre sentrale områder. På mellomlang sikt er det ei målsetting å redusere behovet for parkering ved å gjere gange og sykling meir attraktivt og ved å innføre nye kommunikasjonsløysingar.

Som synt ovanfor er arbeidet med områdeplanen godt forankra i Ulstein kommune sine overordna planar og strategiar.

I 2020 vart det etablert eit samarbeid mellom kommunen, Bylivssenteret og Møre og Romsdal fylkeskommune med tildeling av midlar for gjennomføring av ein arkitektkonkurranse. Arkitektkonkurransen vart gjennomført som eit parallelloppdrag. To arkitektteam jobba med avgrensinga sentrum-Ulshaugen-Holsekerdalen i eit halvt års tid. Resultatet vart evaluert og oppsummert i ein eigen evalueringsrapport. Kommunestyret vedtok tilrådingane i desember 2020, og det er desse tilrådingane som er grunnlaget for konkret utforming områdeplanen.

1.2 Mål og føresetnader

Områdeplanen skal tuftast på tilrådingane i evalueringsrapporten for parallelloppdraget og framtidsvisjonen som vart utarbeida i dokumentet Ulsteinvik 2046.

Hovudmåla i Ulsteinvik 2046 er å få ein oppdatert og samla områdeplan for sentrum som legg til rette for:

- Framtidsretta kommunikasjon og trafikkavvikling
- Parkeringspolitikk
- Strategi for fortetting
- Avklare kjerneområde og vilkår for handel

Utviklinga av Ulsteinvik sentrum er eit viktig element i mange av dei målsettingane kommunen har for framtidig utvikling. I samfunnsdelen av kommuneplanen er regionperspektivet vektlagt, men og bukvalitet og næringsperspektivet.

Ulsteinvik skal vere eit sterkt regionalt senter på Søre Sunnmøre, med attraktive buområde og møtestader i ein kompakt og tenleg bykjerne. Handel, kultur, framveksande næringar og busetnad veks saman og gir eit tydelegare bypreg i planperioden. Sentrum og krinsane spelar kvarandre gode.

I kommuneplanens samfunnsdel er det ein del av strategiane meir detaljert. Ulstein kommune vil særleg satse på:

- Eit variert, attraktivt og konkurransedyktig handelssenter
- Eit kulturtilbod med både lokalt og nasjonalt fokus
- Næringar som også styrker tettstaden, spesielt med vekt på verdiskaping i handel, service og framveksande næringar, med plassering i sentrum så sant praktisk mogleg
- Ulsteinvik er eit senter for den maritime klynga i regionen og det må arbeidast for at dette senteret kan utviklast slik at det styrker kommunen og regionen

I vedtekne strategiar er det lagt vekt på at vi vil ha «Ein framtidsfokusert teknologiindustri også med nye sterke næringar». Målet er å sikre ei god sentrumsutvikling for dei neste ti åra og utvikle Ulsteinvik som regionalt senter.

Områdeplanen skal utarbeidast med tilrådingane i evalueringsrapporten for parallelloppdraget som mål:

Prioriterte nøkkelprosjekt:

- etablere bytorg ved kulturalldenningen
- utvikle hamnepromenade
- ruste opp Bjørndalsvegen
- nye omsorgsbustader (/helsehus) på Ulshaugen

Områdeplanen skal svare for :


- konkrete rammer for byggehøgder og utnytting
- byromsstrategi
- krav til leikeplass
- byggeskikk og utforming av offentleg areal
- grøntstruktur
- fortettings- og rivingsplan
- utvikling av sjøfronten

Planprosessen må ta stilling til/ sørge for:


- rett lokalisering av nøkkelfunksjonar
- sikre areal for nye offentlege verksemder
- overordna parkeringssystem og parkeringsnorm
- tilrettelegge for ny næringsverksemd og nye arbeidsplassar
- tilrettelegge for samansett bustadtilbod i sentrum
- opprette samhandlingsarenaer med lokale aktørar

1.3 Planområdet

Planområdet er på 285,3 daa og omfattar alt areal som i kommuneplanens arealdel er regulert til sentrumsformål i Ulsteinvik, Ulstein kommune.



I tillegg er det tatt med areal ved Ulshaugen, der det i dag og ved framtidig situasjon skal lokaliserast omsorgsbustader og helse- og omsorgstenester. Sjøfronten og delar av hamneområdet, inklusiv Geileneset, er tatt med for å kunne legge heilskaplege planar for sjøfronten. Kyrkja er teke med av di den ligg innanfor dei opprinnelege grøntaksane for Ulsteinvik som vart etablert med generalplanen i 1971. Det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for parkering i sentrum og Arena-anlegget er difor også inkludert.



Kartet over syner plangrensa over gjeldande kommuneplan. Brunt areal er sentrumsformål.



Kartet som syner plangrensa over gjeldande reguleringsplansituasjon. I kvite felt gjelder eldre reguleringsplanar.

2. OVERORDNA FØRINGAR

2.1 Lovgrunnlag, nasjonale og regionale føringar

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008

Planen skal utarbeidast som ein områdeplan etter plan- og bygningslova § 12-2. Etter § 4-1 skal det for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknadar for miljø og samfunn utarbeidast eit planprogram.

Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2017-06-21-854)

Alle planar skal vurderast om tiltaket det leggast til rette for utløyer krav om konsekvensutgreiing. Det skal vurderast om planen er omfatta av §6, §7 og §8 i forskrift om konsekvensutgreiing. Aktuelle vurderingar for områdeplan sentrum:

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen

Vedlegg I:

Punkt 24: Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m² (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j).

Vedlegg II:

Punkt 11 j j) : Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.

Punkt 10 b): Utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder, inkludert kjøpesentre og parkeringsanlegg.

Vurdering av konsekvensutgreiingsplikt for områdeplan Ulsteinvik sentrum:

§6 a) Vedlegg I, punkt 24 og vedlegg II punkt 11 j.

Områdeplanen for Ulsteinvik sentrum tek med areal som i dag er regulert til offentlig formål ved Ulshaugen. Arealformålet skal vidareførast. Eigedommen skal vidareutviklast med fokus på nye omsorgsbustader og fellesfunksjonar for helse- og omsorgstenesta. Området er teke med for å avklare avgrensing og kopling inn mot sentrumsareal, der det skal opnast opp for

at området får ein sambruk tilrettelagt med fellesfunksjonar som gagnar samfunnet generelt og andre sentrumsfunksjonar. Det er på noverande tidspunkt ikkje avklara arealbehov for omsorgsbustader. Området er tenkt utvikla over lang tid, i ulike byggetrinn. Nærleiken til sentrum og omsyn til bygningar og landskap utelukkar at det kan byggast ei bygning med samla bruksareal på 15000m² i forhold til visuell verknad. Dette vil også gjelde for nye næringsbygg i sentrum. Områdeplanen skal setje delvise føringar for etasjevis funksjonsfordeling, så bygningar med einsidige funksjonar med stort bruksareal er ikkje aktuelt. Områdeplanen har som mål å revitalisere byromma og få folk i gatene. Introverte shoppingssenter, eller lukka bygningar med ein funksjon, som ikkje er kopla på byveven - er ikkje del av planen.

Vurdering av §6 a) og §8 a), vedlegg II, punkt 10 b)

Områdeplanen er eit utviklingsprosjekt av byområde, men det er ikkje planlagt etablert nye funksjonar eller arealformål som ikkje er omfatta av og konsekvensutgreia i overordna planar. Områdeplanen er i tråd med overordna plan i forhold til arealformål. Arbeidet med utviklinga av Ulsteinvik sentrum handlar mellom anna mykje om å gjere betre det som allereie er bygd med ny stedstilpassa fortetting, auke kvaliteten på eksisterande byrom, klimatilpassing, optimalisere parkeringstilhøva.

Konklusjon konsekvensutgreiingsplikt:

Områdeplan Ulsteinvik sentrum er ikkje omfatta av krav til konsekvensutgreiing etter forskrifta §6, §7 og §8. Planen vil ikkje få vesentleg verknad for miljø og samfunn etter §10. Relevante faktorar, som er lista i §21, er utgreia i tilstrekkeleg grad i overordna planar. Dette gjelder særskilt verknader som følgje av klimaendringar, risiko ved havnivåstigning og stormflo. Ros-analysen i kommuneplanens arealdel konkluderte med at det var liten konsekvens for liv og helse, langtidsskade på natur- og kulturmiljø, men at det var middels konsekvens for forstyrringar i dagleglivet og økonomiske tap. Forslag til tiltak skal innarbeidast i planforslaget.

Om det mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utlegging av planforslag til offentleg ettersyn kjem fram nye opplysningar eller det skjer endringar i faktiske forhold som medfører at planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal det i planforslaget særskilt gjerast greie for verknaden av planen.

Anna aktuelt lovverk:

- Lov om kulturminner av 9. juni 1978.
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging har som mål at arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv arealutnytting. Planlegging skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstadar, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstadar.
- RPR barn og unge i planleggingen har som formål å synleggjere barn og unge si interesse i planlegging og byggesakshandsaming. Retningslinene seier at barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare, og at det i nærmiljøet skal vere areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Ved omdisponering av areal som i planar er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning.
- RPR Universell utforming er ein langsiktig strategi for å gi tilgjengelegheit for alle.
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
- Nasjonal Transportplan 2022-2033
- Fylkesplan for Møre og Romsdal
- Regional delplan for folkehelse
- Regional delplan for klima og energi
- Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi
- Regional delplan for attraktive byar og tettstadar

2.2. Kommunale planar

- Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2029
- Kommuneplanens arealdel 2019-2031
- Kommunal planstrategi 2019-2023
- Levekårsplanen
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Alkoholpolitisk handlingsplan
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Bustadsosial handlingsplan
- Reglement for handel utanom fast utsalsstad frå kommunal eigedom i Ulsteinvik
- Folkehelseoversikt
- Kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet
- Strategi for nyskaping
- Overordna beredskapsplan for Ulstein kommune
- Tettstadanalyse Ulsteinvik 1999
- Tettstedsutvikling i Ulsteinvik 2006
- Ulsteinvik 2046 – strategiar og tiltak for sentrumsutvikling
- Evalueringsrapport Parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum- Ulshaugen-Holsekerdalen
- Tiltaksplan mot plast og marin forsøpling
- Handlingsdel til klimaplan 2019-2022
- Klimaplan for Ulstein kommune 2011–2014
- Hovudplan avløp 2019-2029
- Skulebehovsplan
- Barnehageplan
- Kommunekompasset 2019
- Strategi for innbyggardialog
- Trafikktryggingssplan 2022-2025 (under utarbeiding)

2.3. Reguleringsplanar

PlanID	Plannamn	Ikraft
19730001	Sentrum	15.01.1973
19790007	Reg. endring Kvileheimsområdet Ulsteinvik sentrum	07.08.1978
19880004	Kyrkjebakken – Vikelva – reg.endring	30.06.1988
19880005	Joakimbakken-Låna	30.06.1988
19890001	Saunesosen-Holmen	21.09.1989
19950003	Ny samleveg Halsekerdalen	19.10.1995
19950005	Reg. endring Ulsteinvik sentrum, Geileneset- O. Botnen	14.12.1995
20010001	Geileneset	07.03.2001
20040001	Reg. endring Brattøra II	01.04.2004
20040008	Reg. endring Geileneset	14.10.2004
20050001	Reg.endring Bjørndalvegen	27.01.2005
20050005	Saunesosen	29.09.2005
20050011	Sjøsida, Ulsteinvik	06.06.2008
20050013	Nyland Nord	15.12.2005
20050015	Brattøra 3	15.12.2005
20060004	Nyland - Bussterminal	07.09.2006
20070012	Ulshaug	06.06.2007
20100001	Kvartalet Sjøgata, Vikemyra, Kyrkjegata	16.09.2010
20130002	Skuleområdet Ulsteinvik sentrum, Kyrkjegata - Legane	17.12.2015

Innanfor planområdet er det i dag 19 reguleringsplanar. Nyare planar skal vidareførast i områdeplanen der det ikkje er konflikt med overordna strategiar og normer som skal utarbeidast i områdeplanen.

2. ALTERNATIV

2.1 0-alternativet

Gjeldande reguleringsplanar består. Sentrum vert bygd vidare innanfor desse rammene.

2.2 1-Alternativet basert på resultat av parallelloppdrag

Tilrådingane i evalueringsrapporten for parallelloppdraget skal leggast til grunn for områdeplanen.

3. UTGREIINGSTEMA

3.1 Tema

Områdeplanen utløyer ikkje krav om konsekvensutgreiing. Andre relevante planfaglege tema, og vurderingar av konsekvensar av planen, vert innarbeida i planskildringa.

Utgreiingstema	Utgreiingsbehov	Metode/Kunnskapsgrunnlag
FN sine berekraftsmål	Kontinuerleg vurdere planen opp mot berekraftsmåla	Nytte berekraftsmåla som førande for arbeidet
Universell utforming	Vurdere eksisterande situasjon i forhold til gjeldande regelverk. Påkopling nye tiltak, byrom m.m	Standardisere tilrettelegginga iht TEK17. Sikre overordna mål om tilgjengelegheit for alle
Kulturminne/kulturmiljø	Avklare behov for å verne eller setje omsynssone for områder og enkeltminner av verdi.	Kartfesting. Nytte tidlegare utarbeidde kulturminnedokumentasjon. Innarbeide identitetsskapande kulturminne/miljø element i områdeplanen
Byform <ul style="list-style-type: none"> - Arkitektur- og byromskvalitet - Bygningsmiljø og estetikk, høgder 	Avgrense satsingsområder. Bygge vidare på arbeidet i parallelloppdraget.	Nytte arkitekturpsykologi som verkty. Analysar av sol/skugge, verknader av ny utbygging. Arkitektfagleg vurdering
Klima og energi/ Klima og miljø	Kartlegge dagens situasjon. Avklare ambisjonar og klimamål.	Planlegge for reduksjon av energiforbruk, klimagassutslepp og gjenbruk av eksisterande bygningar. Vurdere innføring av klimagassregnskap, blå-grønntfaktor, klimatiltak m.m
Planstatus Gjeldande reguleringsplanar	Kva skal vi behalde, kva skal vi forkaste i gjeldande planar?	Gjennomgang av plankart og føresegner og haldbarheit i forhold til kommunen sine bærekraftsmål og gjeldande lovverk.
Fortetting <ul style="list-style-type: none"> - Bumiljø 	Undersøke ulike former for omsorgsbustader. Undersøke alternativ og mulege løysingar for sosialt berekraftige bumiljø, buformer.	Nytte arkitekturpsykologi som verkty. Analysar av sol/skugge, støy, verknader av ny utbygging.
Næring	Finne «sentrum i sentrum». Kva areal har potensiale for kva slags næring?	Kartlegge dagens situasjon. Vurdering opp mot fylkesplan og nasjonale utviklingstrekk.
Bystruktur	Kartlegge dagens byvev: Gate, kvartalsstruktur,	Bruke tidlegare stadanalyser, parallelloppdraget. Vurdere

	byrom, vegnett, trafikkavvikling, parkering, uteareal.	gatetun/shared space. Trafikktelling av vegar. Registreringsarbeid.
Støy	Kartlegge støynivå i sentrum med oppdaterte trafikkdata.	Trafikktelling av vegar. Planlegge nye kvartalsstrukturar med orientering og høgder på bygningar for støyreduerande verknad på byrom og uteopphaldsareal. Modellering i samråd med støykonsulent. Vurdere plassering av p-hus i forhold til støybegrensande trafikkavvikling.
Grøn mobilitet -kollektivt, sykkel og mjuke trafikkantar - trafikktryggleik	Behov, tiltak og alternativ.	Parallell prosess med trafikktryggingssplanen. Byen på mjuke trafikkantar sine premisser. Optimalisere eksisterande løysingar. Innarbeide nye tiltak i planen.
Hamnetrafikk	Avklare konsekvensen av nye tiltak i, på og ved sjø og deira innverknad på marintrafikk og marint manøvreringsareal	Kartlegge dagens situasjon. Innarbeide eventuelle sikringstiltak i planen.
Livet i havet	Avklare konsekvens av eventuelle nye tiltak i, på og ved sjø som kan virke inn på marint liv og økosystem.	Innarbeide evt avbøtande tiltak og legge opp til berekraftige tiltak
Gjennomføring	Gjennomføringsmodellar: områdemodellar, rekkefølgekrav og utbyggingsavtalar. Offentleg-privat samarbeid.	Avstemme ambisjonar i planen. Lovverk, praksis.

3.2 Handsaming av alternativ

Planarbeidet skal i hovudsak teste ut og gjere vurderingar av verknaden av tilrådingane i evalueringsrapporten for parallelloppdraget. Vurderingane skal føre fram til eit planforslag.

3.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det skal utarbeidast ROS-analyser for alle nye område planlagt for utbygging, etter veileddarane *ROS-analyser* i arealplanlegginga og *Samfunnssikkerheit og planlegging etter plan- og bygningslova*.

Lovpålagde delar av planarbeidet vert ikkje teke med som eige utgreiingstema. ROS-analysen vil inngå som ein del av ordinært planarbeid og innarbeidast i planomtalen.

4. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

4.1 Prosess og fristar

Planarbeidet skal organiserast med ei politisk styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe og ei arbeidsgruppe med fagekspertise.

Styringsgruppa består av politiske representantar frå formannskapet og teknisk utval.

Teknisk utval sine representantar i styringsgruppe for områdeplan for Ulsteinvik sentrum er følgjande:

- Leiar: Alf Johan Antonsen (Frp)
- Medlem: Berit Overvåg Hjorth (H)
- Medlem: Magne Gurskevik (Ap)

Formannskapet sine representantar i styringsgruppe for områdeplan for Ulsteinvik sentrum er følgjande:

- Ordførar Knut Erik Engh (Frp)
- Medlem: Lisa Mari Breivik Anderson (Sp)
- Medlem: Renathe Rossi-Kaldhol (Ap)

Administrativ prosjektgruppe (planforum):

- Verner Larsen, rådmann
- Arne Runar Vik, kommunalsjef teknisk etat
- Anita Sundnes, leiar for plan- og bygningsavdelinga
- Monica Cecilie Torp, kommunalsjef organisasjon og utvikling
- Leif Ringstad, kultursjef
- Gry Nordal, kommunalsjef oppvekst
- Marit Botnen, kommunalsjef helse- og omsorgsetaten

Arbeidsgruppe:

- Teknisk etat
- Kommunepsykologen
- eksterne konsulentar.

Prosjektleder:

- Vivian Garnes, arealplanleggar/sivilarkitekt

Faser	Kommentar	Estimert tid
Høyring forslag til planprogram Oppstart planarbeid	Forslag til utgreiingstema, medverknadsprosess og prosjektorganisering - ope for innspel	April- Juni 2021
Handsaming av merknader	Eventuell justering av planprogrammet	Juni 2021
Fastsetting av planprogram	Vedtak i Teknisk utval- slutt juni 2021.	Juni 2021
Utarbeiding av områdeplan	Produksjonsfase. Medverknad med avklaringar for ulike interessegrupper.	Juli-oktober 2021
Regionalt planforum	Faglege innspel øvrige mynde	September 2021
Høyring planforslag	Offentleg ettersyn av planforslaget. Ope folkemøte.	November-desember 2021
Handsaming merknader	Eventuell justering av planforslaget etter innkomne merknader	Desember 2021–januar 2022
Vedtak områdeplan	Politisk vedtak	Vår-sommar 2022

4.2 Medverknad

Planprosessen med områdeplanen er vurdert til å ligge så nært i tid opptil arbeidet i parallelloppdraget at ein reknar den breie medverknadsprosessen i samband med parallelloppdraget som del av denne planprosessen. Parallelloppdraget var organisert med eit seminar ved oppstart, midtvegs og ved ferdig oppdrag. Innbyggjarar og andre interesser har fått mulegheit til å kome med innspel og forslag til korrigeringar i forslaga frå dei to arkitektteamama. I etterkant av avslutta parallelloppdrag gjennomførte kommunen, med interessegrupper, eit evalueringsarbeid i samarbeid med Bylivssenteret. Bylivssenteret utarbeida ein evalueringsrapport med klare tilrådingar for områdeplanen. Evalueringsrapporten er vedteken av kommunestyret.

Områdeplanen skal ha medverknad som tilfredsstillar lovkrava, med ordinære høyringsrunder og kunngjering. Digitale løysingar, som sosiale mediar, kommunen si nettside og innsynsløysingar i karttenestar skal nyttast. Om situasjonen kring nasjonale tiltak mot pandemien skulle endre seg vil ein vurdere medverknad med utgangspunkt i Doga sin folketråkkrettlear tilpassa tema og interessegrupper.

Det skal haldast møter i styringsgruppa etter behov. Framtidige strategiar som områdeplanen set rammer for skal avklarast politisk i styringsgruppa.

Det er behov for innspel frå andre mynde i dei ulike fasane. Det er ønskeleg med drøfting av planen i regionalt planforum i oppstartsfasen og i sluttfasen ved utarbeiding av planforslaget. Det kan også vere aktuelt med temavise sær-møter.

4.3 Merknadar og høyringsfrist

Framlegg til plangrense og saksdokument er lagt ut på www.ulstein.kommune.no og i Servicetorget på Ulstein rådhus. Sjå kunngjering på kommunen si heimeside for fristar for innspel og merknader til planprogrammet.